

## **Notat – midlertidig dokumentsenter omsorg v/Meland sjukeheim**

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) kap 7  
Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Koordinerande eining i kommune er i samhandlingsreformen løfta frå forskrift til lov. Målet er m.a. å førebyggje meir, behandle tidlegare og samhandle betre grunna i BEON prinsipp. Rett teneste til rett tid og med rett volum set krav til forsvarleg forvaltning.

### **Døme på fokusområder for dok.senter**

- Felles postmottak og søknadsvurdering for samla omsorgsteneste
- Forvaltning, sakshandsaming, koordinering av tenesteyting og evaluering av vedtak.
- Vikartilkalling/bemanningsplanlegging
- Overvåking e-melding
- Systemansvar (CosDoc, SamPro IP, MinVakt, PPS) + KF kvalitetssystem

### **Midlertidig løysing 2015-2018**

Kommunstyret vedtok økonomiplan juni 2014. Her ligg det inne framlegg om finansiering av langtid frå 15 til 17 pasientar frå 2015 (iverksatt 2014), samt auke i pasienttal frå 17 til 22 frå og med 2017. Vidare er det plan om finansiering av palliasjon frå 2018.

I kommende øk.planperiode vil ein kunne nytte ledige pasientrom sjukeheim til midlertidig etablering/oppstart av dokumentsenter omsorg. Alternativ er å la rom stå tom grunna manglande finansiering av personell.

Ved auke i tal pasient+personell før 2017 vil ein relativ raskt frigjere aktuelle tal rom. Det er ikkje tale om ombygging, men installering av tekniske dataløysingar. På sikt må ein vurdere meir varig løysing for lokale til samordna tenesteyting/forvaltning.

Dokumentsenter omsorg er foreløpig navnforslag. For å kome vidare i prosess er det trøng for å avklare tall rom til føremålet i øk.planperioden.

### **Aktuell vurdering tal rom og plassering :**

- A3 – Postmottak og sekretærfunksjon (er tatt i bruk).
- A 4 - Ny avd.leder Langtid/Lerketunet fra 1/9 (er tatt i bruk).
- A 5 - Overvåking e-melding og sakshandsaming.
- A 6 – Vikartilkalling og bemannings/turnusplan.
- A7 – Sakshandsaming og koordinering.
- A8 – Sakshandsaming.
- Kontor (lite) – Koordinering/systemansvar ( er ikkje pasientrom).

Alle aktuelle rom over er i eldre bygg. Nytt tilbygg er ikkje del av denne løysinga.

Per tid har ein ytterlegare 5 ledige pasientrom som ikkje vert tatt i bruk jfr oversyn over. 1 i eldre bygg og 4 i nytt tilbygg.

Det er og aktuelt å vurdere å tilby ergoterapeut kontorplass her einskilde dagar med omsyn til auka fokus på korttid/rehabilitering. Ho er pt lokalisert på kontor ved dagsenter. Det er gjennomført samtalar med HTV og aktuelt personell som er vurdert å ta del.

Vidare funksjons/ansvarspllassering vert drøfta ila haust 2014.

HK

09.10.14